

Høyringa om stat og kyrkje frå Førde sokneråd

Den norske kyrkje som rettssubjekt og soknet sitt sjølvstende.

Førde sokneråd sluttar seg til at det vert etablert eit nytt, nasjonalt rettssubjekt for Den norske kyrkja, representert ved Kyrkjemøtet.

Soknet er i dag grunneininga i Den norske kyrkja – når ein foreslår at det nye rettssubjektet skal heite «Den Norske kyrkja», er det tvetydig all den tid lokalkyrkja er ein del av Den norske kyrkja, men ikkje vil vere ein del av det nye sentrale «rettssubjektet». **Det nye rettssubjektet må difor ha eit anna namn.**

Vi støttar at balansen mellom lokalt og nasjonalt kyrkjestyre vert ført vidare. Samstundes stussar vi på at delegasjonsmynde går ned til bispedømmerrådet, men ikkje lenger. Sokneråda kan og delegere opp til bispedømmerrådet, men ikkje motsett. Ein ser at ved denne praksisen kan ein risikere at soknet få mindre mynde etter kvart.

Soknet sine oppgåver

Ei vidareføring av det rettslige sjølvstende som sokna har i den kyrkjelege lovgiving i dag er viktig, men det bør gjerne vere ei meir utfyllande drøfting av oppgåvefordelinga mellom lokalt, regionalt og sentralt nivå. Særleg når ein veit at i framtida vi det kome ei kommunereform med større lokale einingar og drøftingar av arbeidsdeling mellom kommune og fylke. Ei tilsvarande drøfting mellom lokalt – regionalt og sentralt nivå i kyrkja ville vore nyttig. Skal ein ta ein slik debatt – er dette eit godt høve til å gjere det.

Ein viser til øvrig utvikling, at oppgåver vert overført frå sentralt til regionale og lokale styringsorgan.

Overføring av prestar og andre kyrkjelege tilsette frå staten til kyrkja.

I Kyrkjemøte sitt vedtak i april 2013 står det i pkt 3. «Kirkemøtet understreker at overføringen av virksomhets- og arbeidsgiveransvaret for prestenesten til et nasjonalt rettssubjekt ikkje endeleg fastlegger hvor arbeidsgiveransvaret i en fremtidig kirkeordning skal plasseres.»

Det ville spart ein for mykje ressursar om ein hadde hatt eit vedtak for kor felles arbeidsgjevaransvar skal ligge, og teke rett steg i rett veg med ein gong, i staden for å etablere ei «venteordning».

Rett nok må ein ha ein sentral arbeidsgjevar for dei som i dag er tilsette sentralt, men det hadde vore ein fordel og visst om prestane også skal ha sentralleddet som arbeidsgjevar i framtida eller ikkje. Det dreier seg mellom anna om kor stor og omfattande organisasjonen må vere.

Konsekvensen av dette er mellom anna at ein ikkje kan prøve ut felles arbeidsgjevar på fellesrådsnivå der prosti og fellesråd har samanfallande grenser.

Prest, prost og biskop

Soknerådet sluttar seg til at det vert lovfesta at kvart sokn skal vere betjent av prest, kvart prosti av prost og kvart bispedømme av biskop. Dette er med på å trygge ei landsdekkande folkekyrkje og legg grunnlaget for framleis statleg finansiering.

Det er positivt at det vert lovregulert at prestetenesta skal organiserast og utøvast i samsvar med ordinasjonen sine føresetnader og forpliktingar. Fagleg sjølvstende er med på å sikre kvalitet på tenesta og rekruttere prestar.

Trusopplæringa og økonomi

Vi har tidlegare slutta oss framlegget som skal sikre presteteneste i alle sokn, vi etterlyser tilsvarande forpliktingar på trusopplæring i alle sokn. Det har vore gjennomført ei omfattande trusopplæringsreform, det er heilt avgjerande at den vert sikra og vidareført. Den forpliktinga bør staten følge opp i lovteksten.

Når ein til dømes går inn for eit generelt råmetilskot, er det grunn til å vere uroa for løyvinga til trusopplæringa. Løyvingar knytt til konkrete stillingar er meir bindande, medan eit tilskot til trusopplæringa, ikkje har same forplikting i seg slik det står no.

Viser til avsnitt under trusopplæring og rammeløyving. Ein er skeptisk til dette, og argumentasjonen for auke sjølvstyre kan like lett grunnjevast med mindre økonomisk ansvar for løyvande mynde.

Soknerådet støttar ei vidareføring av kommunal finansiering av den lokale kyrkja, som gjer at kommunane kan nytte råmetilskotet til kommunal drift. Det er med på å sikre ei landsdekkande kyrkje, slik at det ikkje vert skilnader frå kommune til kommune og frå sokn til sokn.

Oppsummering

Som ei oppsummering vil vi vise til § 2 i Kyrjelova. «soknet er den grunnleggjande enhet i Den Norske kyrkje og kan ikke løses fra denne» Dette må også sette sitt preg på reformarbeidet, den grunnleggjande eininga må heller tilførast nye oppgåver, framfor å samle dei i regionale og sentrale fora. Og reformarbeid som føregår regionalt og sentralt må bygge opp under den lokale kyrkja som er grunneininga.

Ein må også styre målretta mot avvikling av todelinga ein har i dag, reformarbeidet må difor legge godt til rette for forsøk med felles arbeidsgjevar, til dømes på prostnivå. Men ein stiller spørsmål ved å lovfeste prosten samstundes som ein avviklar den frivillige ordninga med prostiråd. Den kan ikkje vere ei styrking av demokratiarbeidet.

Førde Sokneråd